

Pia, 21.11.2025

Ser at skuledagane vert for lange for dei små, gjerne til og med femte trinn. lite utbytte av timane etter lunsj. Ofte for store klassar til å rekke over alle, lærarnormen er ikkje klassevis - men skulebasert. Då er ein ofte aleine med 25-30 elevar nedover i trinna og. Det er ein god ide å redusere timetalet nedover, og heller intensivere. Men då må midlane til undervisning stå fast/øyremerkast, ikkje gå i det store sluket slik det no gjer. Slå gjerne saman naturfag/KRL/ Samfunnsfag til temadag og reduser timane der, ikkje i basisfaga, spesielt i engelsk gjer det at kunnskapen spriker veldig. Munnleg engelsk vil ikkje forstyrre leselæringa.